



# Masfjorden kommune

## Innkalling

av

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 07.04.2016  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 14:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Helga Ellingsen per tlf. 56166219, sms til 90504949 eller per epost til [Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no](mailto:Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 001/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 002/2016 Godkjenning av møtebok
- 003/2016 Høyring kommunereforma 2016
- 004/2016 Referatsak
- 1 Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016
- 2 Melding om politisk vedtak- oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026
- 3 Melding om politisk vedtak - oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026

31. mars 2016

Hildegunn Bjånes  
møteleiar

Helga Ellingsen  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/271

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2016	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.04.2016

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/271

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2016	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.04.2016

### Godkjenning av møtebok

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 024, FE - 002	15/708

Saknr	Utval	Type	Dato
	Eldrerådet	PS	
003/2016	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.04.2016

### Høring kommunereforma 2016

32T

#### Journalposttittel

Intensjonsavtale (L)(31535)

Intensjonsavtal (L)(32169)

Vedlegg 1 til i (L)(32170)

#### Dato

31.03.2016

31.03.2016

31.03.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Saka blir lagt fram for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne utan tilråding.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Stortinget vedtok i 2014 at det skal gjennomførast ein kommunereform. Det er klare nasjonale føringar for at kommunar skal ha ein viss størrelse og regjeringa legg opp til færre og større kommunar meir i samsvar med bu- og arbeidsmarknadsregionane. Regjeringa har bede alle kommunane om å gjere vedtak om kommunereforma innan 1. juli 2016.

Masfjorden kommune har forhandla fram to intensjonsavtalar.

#### 1. Intensjonsavtale med kommunane i Nordhordland

I kommunestyre – 015/2016 vart det gjort fylgjande vedtak:

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**

Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule,

5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21. ”

## **2. Intensjonsavtale med Gulen kommune**

I kommunestyret – 015/ 2016 vart det gjort fylgjande vedtak:

**Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring med desse endringane:**

**Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.**

**Til dagens Gulen kommune kan ein legge tenester knytt til m.a. barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.**

**– med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**

Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.

**Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:**

**Kommunestyre ber ordførar / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert underteikna og lagt ut på høyring.**

**Røysting: Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.**

### **Fakta**


Det er pr. i dag kun intensjonsavtalen med kommunane i Nordhordland som er signert avtale og lagt ut på høyring. Intensjonsavtalen med Gulen kommune er ikkje signert, men er lagt ut på høyring. Begge intensjonsavtalane ligg som vedlegg.

### **Konklusjon**

Saka blir lagt fram for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne utan tilråding.


# «Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune



## Intensjonsavtale Nordhordland kommune

Versjon 1.0 - 1. mars 2016



## 1. Innleiing

Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy tek sikte på å danna ein ny kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtar om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale som kommunane har hatt stor nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2014.


I tillegg til å sjå på heile Nordhordland som ein kommune har Lindås, Meland og Radøy gjennomført egne forhandlingar. Dette resulterte i ein intensjonsavtale som vart presentert for dei andre kommunane på Nordhordlandstinget 28. januar. Dei tre kommunane inviterte dei andre kommunane til å sjå på om der er grunnlag for ein stor kommune i Nordhordland. Den invitasjonen takka dei andre kommunane **Ja** til.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare til å kunne løysa framtidige utfordringar enn dei kommunane kan gjera kvar for seg. Den nye kommunen får om lag 36 000 innbyggjarar og vil dekke eit areal på 2 183 km<sup>2</sup>. Dette inneber at Nordhordland kommune vert den nest største kommunen i Hordaland og blant dei 23 største i landet målt etter folketal slik kommunane i landet er i dag. Etter areal vert dette den største kommunen i Hordaland og den 21. største i landet. Den nye kommunen får store og verdifulle areal som den skal forvalta. Det vert også store avstandar som set andre krav til utforming av tenestene og administrasjon.

Det har også vore sentralt for oss å byggja vidare på det frivillige arbeidet som har vore gjort med kommunereforma i regionen sidan 2010, og å kombinera føringane i kommunereforma med egne idear om korleis me best tener innbyggjarane sine interesser i framtida, og sikrar at Nordhordland vert ein vekstkraftig, sterk og attraktiv region.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein brei medverknadsprosess i form av folkemøte, folkeavrøysting og/eller innbyggjarundersøking som ein er pliktig til etter lova. Kvart kommunestyre avgjer spørsmålet om folkeavrøysting, innbyggjarundersøking eller anna høyringsform.

Me ser fram til godt engasjement og konstruktiv dialog i denne viktige avgjerda for dei åtte kommunane. Innspele i medverknadsprosessen kan påverka den endelege intensjonsavtalen som skal handsamast i kommunestyra i juni 2016.



## 2. Bakgrunn - kvifor ein ny kommune

Nordhordland er i stor grad ein felles bustad- og arbeidsregion. Reisetida innan regionen og til Bergen har vorte betydeleg redusert på grunn av betre kommunikasjon. Dette har gitt grunnlag for vekst i folketalet og næringslivet i regionen. Veksten har vore spesielt stor etter at olje og gass kom til Mongstad og Nordhordlandsbrua vart realisert. For å få til vekst i heile regionen framover, vil god infrastruktur vere avgjerande. Nye framtidsretta arbeidsplassar i regionsenteret vil også vera viktig for auka folketal i resten av Nordhordland. Ved å bli ein kommune i Nordhordland, får me eit naturleg areal- og samfunnsutviklingsområde som vil leggja til rette for vekst og ei god samhandling med andre aktørar som fylket, Bergen og næringslivet.

Næringslivet i regionen synest å stå framfor store endringar og stor usikkerheit. Ein større kommune vil ha eit større potensiale til å vera ein proaktiv samfunnsutviklar.


Kommunane i Nordhordland samarbeider i dag på mange område. Kravet til meir spesialiserte tenester vil auka. Me får ei eldre befolkning som vil krevja auka tenester. Delen av befolkninga som er i yrkesaktiv alder, vil bli redusert. Det gjer at konkurransen om arbeidskrafta vil auka. Me må vera ein attraktiv region der ungdom med god kompetanse vil flytta tilbake. Me ønskjer ein stor kommune som kan vera offensiv i å ta på seg nye oppgåver som vil gje eit heilskapleg tenestetilbod til våre innbyggjarar. Me vil ivareta og vidareutvikla tenestene for våre innbyggjarar.

I tidlegare utgreiingar er det lagt vekt på sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for regionen fram mot 2040.

Det er **fordelar** og **ulemper** ved å etablere ein ny kommune. Dette er noko forhandlingsutvalet har vore opptatt av i heile prosessen, og det er belyst i rapportane frå Telemarksforsking.

Ein stor fordel med ein større kommune er at det vert betre samsvar mellom det å vera ein felles bu- og arbeidsregion og det å kunne planlegga ei heilskapleg og betre koordinert samfunnsutvikling. Ein større kommune vil ha større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Nokre andre fordelar med ein større kommune er sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, betre kvalitet og mangfald på tenestetilbodet, betre heilskapleg arealutnytting, betre moglegheiter til å prioritera næringsarbeid og godt jordvern. Den nye kommunen vil vera ein større og meir ressurssterk kommune med betre økonomisk soliditet og handlingsrom, og vil dermed vera betre i stand til å handtera nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Den nye kommunen vil stå betre rusta til å møte den forventede veksten i innbyggjartal (48 000 i 2040) med eit auka tal eldre.

Nokre av *ulempene* vil vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre avgjerdslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, mindre samhandling på



tvers av tenestene, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane. Desse ulempene vil vi mellom anna møte ved å ha nærseiter som sikrar at innbyggjarane skal få sine tenester nærast mogeleg der dei bur. Kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen har i dag ei lågare arbeidsgjevaravgift. Det er fare for at den kan bli tatt vekk frå desse områda frå 2021.

### 3. Samfunnsoppdrag, visjon, verdiar og mål

#### Samfunnsoppdrag

Saman skal me byggja ein sterkare kommune med auka lokalt sjølvstyre, og som er betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.

#### Visjon

”Nordhordland kommune skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar med sterk utvikling og vekst.”

#### Verdiar

Alle kommunane er likeverdige partar. Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.

#### Mål

- Me skal byggja ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar.
- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidskommune.
- Me skal halda på, rekruttera og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet.


### 4. Hovudprinsipp

- Likeverdige tenester i heile kommunen
- Byggja vidare på felles identitet og kultur
- Vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Innbyggjarretteleiing i alle rådhusa
- Involvera innbyggjarar, tilsette og næringsliv
- Ta med beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen
- Digitalisera dialogen med innbyggjarane tilpassa dei ulike målgruppene

### 5. Den nye kommunen – namn, organisering og styring

Namnet på den nye kommunen er Nordhordland.

Arbeidet med kommunevåpen og -symbol startar etter at avgjerda om ny kommune er teken.



Me er samde om at kommunesenteret vert lagt til Knarvik.

Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i kommunen. Nynorsk skal vera administrasjonsspråket.

Rådmannen med dei mest sentrale funksjonane skal sitja på rådhuset i kommunesenteret. **Rådhusa** i Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen. Det skal vera innbyggjarrettleiing i alle rådhus.



Regionsenteret Knarvik vil vera kommunesenteret i den nye kommunen. **Lokal- og nærsenter** vil bli lokalisert til Fedje, Mastrevik, Mo, Eivindvik, Sandnes, Hosteland, Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø og Manger. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet.

Ved vidareutvikling og organisering av den nye kommunen skal systematisk erfaringsoverføring og læring leggjast til grunn. Kontinuerleg forbetring og fornying skal prega utviklingsarbeidet i den nye kommunen.

## 6. Demokratimodellen

Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.

Kommunestyret skal bestå av 43 medlemar. Formannskapet skal ha 13 medlemar. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 4 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunnsutvikling og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 medlemmar, 3 av desse skal vera kommunestyrrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmar og 3 medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmane skal vera medlemmar i formannskapet.

Kommunestyret vel eit lokalutval i Modalen med heimel i kommunelova § 10. Dei som vert valt til utvalet, skal bu i det som er dagens Modalen kommune. Utvalet skal også ha sekretariatsbistand frå administrasjon. Utvalet rapporterer på vanleg måte til kommunestyret. Utvalet skal forvalta konsesjonsavgiftene som kommunen har med grunnlag i Modalen kommune i dag. Utvalet har 5 medlemmar.

## 7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdere dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal handtera framtida, ikkje dagens situasjon.

### Tenesteyting

Tenestetilbodet skal vera på same nivå som i dag. Gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtek nye.


Innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester. Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimsplassar, bufellesskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene. Lokale helsestasjonar vert vidareført.

Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune. Ingen skular skal leggjast ned som følgje av ei kommunesamanslåing. Skulekringsgrenser i ein ny kommune bør følgja nærskuleprinsippet. Skulane på Fedje og i Modalen skal oppretthaldast.

Bibliotek, institusjonskjøkken og frivilligsentralane vert frå starten vidareført med dagens lokalisering.

Den nye kommunen vil byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett. Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus.

Nordhordland har ei livskraftig kyrkje med rom for dei frivillige organisasjonane og det er eit mangfald av ulike trussamfunn. Den nye kommunen vil vidareføra samarbeidet med kyrkja og trussamfunna elles.



Den nye kommunen skal følgja dagens lovverk – kyrkjelova - som betyr at det må opprettast eitt (1) nytt kyrkjeleg fellesråd . Kyrkja må sjølv setja i verk ein prosess med å få på plass eit nytt fellesråd.

Det vil vera naturleg å samordna kompetanse der det er trong for å styrkja kompetansemiljø og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.

Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon. Omsorgsteknologi skal vera eit satsingsområde i den nye kommunen.

Eventuelle endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.

### **Samfunns- og næringsutvikling**

Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk. Gjeldande kommuneplanar pr. 1.1.2020 (herunder arealdelen) vil liggja fast inntil det nye kommunestyret har vedteke ein ny kommuneplan. Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande arbeidsplassar og skapa og leggja til rette for nye. Den nye kommunen skal vera nyskapande og skal utvikla nye næringsareal med fokus på framtidretta næringsliv. Knarvik skal vera eit sterkt regionsenter i fylkessamanheng.


Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt som t.d. (ikkje prioritert):

- E39 Bergen - Nordhordland (Nyborgtunnelen)
- Alversund bru
- Sambandet Vest
- Ringveg Nordhordland
- Masfjordbrua / fylkesveg 570
- Oppgradering av fylkesveg 569 frå Romarheim til Mo
- Opprusting av fylkesveg 57 og samtidig jobba for å endra den til riksveg (del av kystvegen Bergen - Ålesund)

Den nye kommunen vil jobba målretta for betre kollektivtilbod innanfor og til/frå kommunen (til dømes båt Nordhordland – Bergen, buss, Fensfjordsambandet og ferje til Fedje). Som del av dette, må det leggest til rette for betre innfartsparkeringar.

Den nye kommunen vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen, og vil jobbe for heilskapleg vidareutvikling av infrastrukturen for vatn og avløp (VA).

Den nye kommunen skal vera ein samla nærings-, arbeids- og utdanningskommune. Det er viktig at dei unge har eit godt, lokalt tilbod innan vidaregåande opplæring. Kommunen vil arbeida for at Knarvik vidaregåande skule har eit breitt og mangfaldig tilbod. Kommunen skal arbeida for å styrkja Austrheim vidaregåande



skule med breitt tilbod av utdanningsprogram, og arbeida for realisering av nybygg. Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal opprettast eit universitets-/høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv. Nordhordland kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.

Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan som skal ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja negative klimaendringar gjennom lokal handling.

Interkommunale samarbeidsavtalar, interkommunale og kommunale selskap skal gjennomgåast.

#### **Prinsipp for kompetanse**

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på fagpersonar.

Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikert til spesialfunksjonar. Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.

## **8. Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter**

Det er eit mål at ingen innbyggjarar skal få høgare kommunal eigedomsskatt som følgje av ein ny kommune. Det er semje om å harmonisera skattar og avgifter. Prisivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile kommunen. Det inneber at den nye kommunen fjernar eigedomsskatten på hus og hytter.


Det vert fastsett overgangsreglar for første valperiode (2019-2023).

Forslag til nytt inntektssystem er sendt ut på høyring. Den nye kommunen kjem relativt betre ut i høve dei endringane som til no er kjend. Endelege konsekvensar vil bli avklåra i løpet av våren 2016.

Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur. Totalt vil det utgjera 80 mill. kr.

#### **Investeringsprosjekt**

Vedtekte investeringsprosjekt vert vidareført i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Investeringsprosjekt som er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar når søknad om å etablere ein ny kommune vert vedtekte, skal prioriterast i den nye kommunen sin budsjett- og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett- og økonomiplan.



## Fond

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja handlefridomen ved å setja av midlar til eit kommunalt utviklings- og næringsfond.

Det vert etablert eit infrastrukturfond som skal nyttast til samferdsle, fiber/breiband og andre kommunikasjonssaker i kommunen. Finansieringa av fondet vert konsesjonskraftmidlar som i dag går til fylkeskommunen, eventuell skatt av nye kraftlinjer, arealavgift av nye oppdrettskonsesjonar og ein del av eigedomsskatten på verk og bruk. Kapitalen kan seinare utvidast.

Den delen av kraftinntektene som gjeld konsesjonsavgift i kommunane Modalen og Masfjorden i dag, vert sett av til bunde driftsfond i den nye kommunen til disposisjon for lokale tiltak for å sikra utvikling i dei områda konsesjonen gjeld for, tilsvarende for NORM<sup>1</sup> kompensasjon knytt til deponering av avfall i Gulen. Det vert utarbeidd egne vedtekter for føremål og bruken av kvart av desse fonda.

Uttak av konsesjonskraft til eige bruk i Modalen vert vidareført og distribuert av Modalen Kraftlag SA.

## 9. Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar


Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skapar gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Å byggja ein ny kommune er juridisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.

### Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si.
- Berørte leiarar (over tenestestadleiar) skal søkja nye leiarjobbar.
- Openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Omstillingsavtale (grunnlaget for samhandling med tillitsvalde).
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune.
- Drøftingsmøte, eventuelt høyringar, i samband med intensjonsdokumentet.
- Jamlege orienterings- og/eller drøftingsmøte i prosessen.

<sup>1</sup> NORM – normal organic radioactive material



## 10. Kommunikasjonsplan

Gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal me sikra at alle får god informasjon og vert høyrtd om den pågåande reformprosessen.

Ein felles kommunikasjonsstrategi er utarbeidd med målretta satsing på ekstern og intern informasjon. Me viser til eigen kommunikasjonsplan.

## 11. Vegene vidare

Dette dokumentet er eit framlegg til felles intensjonsavtale. Framlegget skal handsamast i alle kommunestyra i mars.

Det er lagt opp til brei medverknadsprosess og innbyggjardialog utover våren. Forhandlingsutvalet kjem saman igjen i løpet av våren, og vil då oppdatera og utarbeida ein endeleg intensjonsavtale som vert lagt fram for kommunestyra for avgjerd 22. juni.

Kommunestyra fattar endeleg avgjerd i spørsmålet om kommunestruktur 22. juni 2016. For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni, vil forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova).

Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.


Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman, skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 33 medlemmar med følgjande fordeling frå kvar kommune: Lindås- 9, Meland – 5, Radøy – 4 og Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen – alle 3 kvar.

Det skal også veljast varamedlemar til nemnda.

Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmar og to representantar frå kvar kommune. Desse er utpeika av dei tilsette sine organisasjonar.

Dersom samanslåing blir gjennomført pr. 1. januar 2020, blir det ordinært kommunestyreval hausten 2019 for den nye kommunen.



## Nordhordland kommune – intensjonsavtale

Seim, 1. mars 2016

Ordfører i Austrheim



Per Lerøy

Ordfører i Fedje



Stian Herøy

Ordfører i Gulen



Hallvard Oppedal

Ordfører i Lindås



Astrid Aarhus Byrknes

Ordfører i Masfjorden




Karstein Totland

Ordfører i Meland



Øyvind Oddekalv

Ordfører i Modalen



Tom Kristian Thorsen

Ordfører i Radøy



Jon Askeland





# Intensjonsavtale – kommunesamanslåing mellom Masfjorden og Gulen kommunar

Vedteke i Masfjorden (16.03.2016) og Gulen (15.03.2016) kommunestyre.

## **Innleiing**

Gulen og Masfjorden kommunar (GM) tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje. Det vert gjennomført folkehøyring i kommunane 23. mai '16 i tråd med intensjonane i Inndelingslova.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

## **1. Mål for samanslåinga**

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

Skape ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune

Delmåla er å:

- Skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Sikre likeverdige kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur
- Kultur og idrett vert eit satsingsområde i den nye kommunen
- Ivareta folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon

## **2. Bete tenester**

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Medverke til at innbyggjarane får god kvardagsorganisering
- Legge til rette for auka tilgjenge på digitale tenester
- Organisere tilboda slik at innbyggjarane får desentraliserte fyrstelinetenester (som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod)
- Struktur på tenestene skal ligge fast dei 5 første åra (naturleg regulering kan skje)

- Ved strukturendring skal så langt det let seg gjere ivareta grunnleggande kriterier / normtal for t.d. anbefalt reisetid
- Skulestrukturen bør vere slik at reisetid til skule ikkje er meir enn 1 time kvar veg.

### **3. Nye oppgåver**

Vi skal organisere tenestetilbodet i den nye kommunen på eit effektivt og fagleg forsvarleg nivå. Det inneber at kommunen i det einskilde høve gjer ei vurdering av om ein etablerer / organiserer eigen teneste eller om ein legg opp til å kjøpe tenester.

### **4. Kommunesenter**

Det nye kommunesenteret vert lagt til Hosteland.

I ein overgangsfase (3-5 år etter 1.1.2020) vert det tatt utgangspunkt i ei administrativ organisering innanfor dei kommunehusa som er i dagens kommunar.

### **5. Kommunenamn og kommunevåpen**

Den nye kommunen får namnet Gulen.

Den nye kommunen får nytt kommunevåpen.

### **6. Prinsipp for styring og organisering**

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform

*Tal folkevalde*

Kommunestyret skal ha 25 medlemmar

Formannskapet skal ha 5 medlemmar.

Den nye kommunen skal organiserast med 3 hovudutval og gjennomgåande representasjon.

*Administrativt og fagleg*

Vi er samde om å :

inndelte dei kommunale oppgåvene vert i fire kategoriar (jf. vedlegg 1):

- Oppgåver og tenester som skal løysast/gjevast der dei no er lokaliserte
- Klare kommunehusoppgåver i den nye kommunen
- Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/kommunesenteret, men som skal ytast lokalt
- Oppgåver som kan ligge utanfor kommunehuset/kommunesenteret

Ut frå forhandlingar har vi vorte samde om fylgjande fordelingar av oppgåver i dei opphavlege kommunane:

Kolonne 1 i vedlegg 1 er oppgåver som skal ligge fast der dei er plasserte i dag.

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg skal tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune skal ein legge tenester knytt til m.a. helse/barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1.

Vi meiner at ei slik fordeling vil sikre ei så rettferdig fordeling av arbeidsplassar og tenester som mogleg, og vil bidra til å sikre at ingen av dei tidlegare kommunesentera i Gulen og Masfjorden vert heilt utan kommunale arbeidsplassar og tenester, men at ein vektlegg at framtidig organiseringa skal vere i tråd med målsetjinga under pkt. 1., om å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon.

Kommunane har ei livskraftig kyrkje. Den nye kommunen vil vidareføre samarbeidet med kyrkja og trussamfunna elles.

## **7. Interkommunale selskap og samarbeid**

Vi er samde om at Fellesnemnda (FN, jf. inndelingslova §26) skal gå igjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsdeling m.m og / eller avvikle / melde oss ut av samarbeidet.

## **8. Økonomi**

Vi skal orientere kvarandre om investeringar og økonomiplanar slik dei ligg i vedteken økonomiplan.

### **Harmonisering av eigedomsskatt**

Reglane for eigedomsskatt i den nye kommunen skal skje med bakgrunn i ei harmonisering av reglane i eksisterande kommunar.

### **Gjeld og formue**

Oversyn over kommunane si gjeld og formue ligg i dei respektive årsrekneskap, kommunane er samde om å informere kvarandre om utviklinga. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

### **Konsesjonskraft**

Dei konsesjonskraftinntekter den nye kommunen vil få frigjort vil ein nytte til samferdsleforremål. I første omgang vil dette gjelde Masfjordsambandet, deretter vil det gjelde vegen frå Andås til Rutledal (fv. 57/570).

## **Bunde fond**

Den delen av kraftinntektene som gjeld konsesjonsavgift frå tidlegare Masfjorden kommune vert sett av til bunde driftsfond i den nye kommunen til disposisjon for lokale tiltak for å sikre utvikling i dei områda konsesjonen gjeld for, tilsvarande for NORM kompensasjon knytt til deponering av avfall i Gulen. Det vert utarbeidd eigne vedtekter for føremål og bruken av kvart av desse fonda.

## **Større investeringar**

I åra fram til ei samanslåing skal vi orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016. Investeringsnivå – felles gjennomgang

## **9. Samordning av planverk**

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at den andre kommunen får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og fellesnemnda går igjennom dette i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## **10. Arbeidsgjevarpolitikk**

Vi er samde om å vidareføre ein god arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen på ein slik måte at alle har meningsfylte arbeidsoppgåver. Ved behov, vil den nye kommunen oppfordre til etter- og vidareutdanning og legge til rette for dette, slik at den nye kommunen til ei kvar tid er på høgde med den kompetansen det er behov for.

Den nye kommunen gjev tilsetjingsgaranti for samtlege stillingar i dei gamle kommunane, slik den einskilde har i si stilling på samanslåingstidspunktet, arbeidet vil verte organisert slik at ingen vert overtallege, og vert gjeve tilbod om stilling innan rimeleg reisetid.

Den nye kommunen er medlem i KS, dette tilseier at den til ei kvar tid gjeldande hovudtariffavtale inngår som avtaleverk i den nye kommunen, herunder også pensjonsordning i KLP og SPK.

Alle rettar i høve til lov og avtaleverk overførast til den nye kommunen.

Løna vert harmonisert frå dag 1, på eit måte slik at ingen går ned i løn.

Alle særavtalar skal vurderast i forhold til hovudavtalen og hovudtariffavtalen.

## **11. Infrastruktur og kommunikasjon**

Den nye kommunen skal utvikle effektiv infrastruktur internt i kommunen og ut mot dei større regionsentra. Det inneber at kommunen dei første åra som ny kommune skal ha fokus på fylgjande infrastrukturprosjekt:

t.d (fastsettast av forhandlingsutvalet)

- Masfjordsambandet (fv.570 og Duesund – Masfjordnes)
- Betre vegstandard Fv 57 (flaskehals / gule stripe) og samstundes jobbe for å omklassifisere den til Rv
- Rutegående transport på land og sjø må samordnast innad i den nye kommunen
- Styrke mobil og breibandsdekning i kommunen

## **12. Gulatinget**

Gulatinget forvaltar ein arv som er av politisk, rettshistorisk, forsvarshistorisk, og kulturhistorisk verdi. Den nye kommunen vil lyfte fram og formidle historia om Gulatinget, og med det syne dei verdiane Gulatinget representerte. Det vert føresett vidare tett samarbeid med aktuell fylkeskommune.

## **13. Fylkestilhøyrse**

Dersom det ikkje vert etablert ein Vestlandsregion er ein er samd om at den nye kommunen skal høyre til Hordaland fylke. Det er viktig at den nye kommune arbeider for at innbyggjarane får dra nytte av tenester som vidaregåande skule også i Sogn og Fjordane fylke.

## **14. Informasjon / vegen til ein ny kommune**

- Mars '16;  
Intensjonsavtalar i tråd med kommunane sine utgreiingsalternativ utover å halde fram som eigen kommune kjem på plass tidleg i mars 2016, og under føresetnad av at desse intensjonsavtalane vert signert av forhandlingsutvalet legg ein opp til politisk handsaming og godkjenning av desse i ekstra Kommunestyremøte hhv. 15 og 16. mars
- April '16  
Ny runde med folkemøter/info  
Utgreiing av alle 3 utgreiingsalternativa og avklare/vedta kva utgreiingsalternativ som skal ut på folkeavrøysting, Kommunestyremøte april
- Mai '16  
Folkeavrøysting 23.mai
- Juni '16  
Endeleg vedtak i Kommunestyremøte 22.juni

Kommunane skal ha ein aktiv informasjonsstrategi der det skal leggst vekt på innbyggjarinvolvering, aktiv bruk av kommunane sine heimesider, evt. utvikle felles facebook side.

## **15. Fellesnemnd og Partssamansett utval**

Inndelingslova § 26, legg føringar, og kommunane er samde om at det vert sett ned i fellesnemnd beståande av 5 medlemmer frå kvar av kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål.

Nordhordland, 01.03.2016

---

Gulen kommune

Forhandlingsleiar

---

Masfjorden kommune

Forhandlingsleiar

# VEDLEGG 1

## Lokalisering av tenester og arbeidsoppgåver i ein ny «GM-kommune»

Opplistinga nedanfor er ei oversikt over korleis prosjektgruppa i GM (rådmennene) ser føre seg at arbeidsoppgåver i prinsippet kan fordelast, dvs dette er den ramma prosjektgruppa tilrår at det vert forhandla innanfor i arbeidet med intensjonsavtalen for ein evt. «GM-kommune».

Prosjektgruppa vil i tillegg understreke at arbeidsfordelinga i ein ny kommune også må vere kostnadseffektiv og ta omsyn til dei tilsette sine arbeidsvilkår.

<b>Kolonne 1</b>	<b>Kolonne 2</b>	<b>Kolonne 3</b>	<b>Kolonne 4</b>
Oppgåver som skal ligge fast der dei er plasserte i dag	Oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset	Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/ kommunesenteret, men som skal ytast lokalt	Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/ kommunesenteret
Eksempel	Eksempel	Eksempel	Eksempel
	Ordførar		
	Rådmann		
	Økonomisjef		Økonomitenester
	Personalsjef		
	Arkiv	Barnevern	
	Informasjonsteneste		Sentralbordteneste
		PPT	
		NAV-kontor	
Skular	Oppvekstsjef		
Barnehagar			
	Plan- og utviklingssjef		Byggsak, Oppmåling Planavdeling Næringsutvikling Landbruk
Teknisk drift		Brann og beredskapsadm. Beredskapstenesta	
			Bygg- og eigedom
Helsestasjon Lege			Leiande helsesyster Kommuneoverlege
			Tannhelse
		Fysio-/Ergoterapi Folkehelse	Tilsynslege sjukeheim
	Helse- og omsorgssjef Folkehelse		
Sjukeheim			Demensomsorg

			(dag og døgntilbod)
Omsorgsbustader			Bu- og miljøtenester (PU)
Heimetenester			
			Spesialiserte helsetenester
			Kjøkenenester
			Vaskeritenester
		Flyktningskonsulent	
		Kultur-administrasjon	
		Kulturskuletenester	Kulturskuleadm.
		Frivilligsentral	
Bibliotek			
Servicekontor			

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/271

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2016	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.04.2016

### Referatsak

#### 32T

1. Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016
2. Melding om politisk vedtak- oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026
3. Melding om politisk vedtak - oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 144, TI - &37	15/955

Saknr	Utval	Type	Dato
1	Eldrerådet	RS	07.04.2016
1	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	RS	07.04.2016

### Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016

32T

**Journalposttittel**

Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016

**Dato**

16.03.2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saksopplysningar:**

---

**Fra:** Sveinung Toft  
**Sendt:** 16. mars 2016 10:32  
**Til:** Sveinung Toft  
**Emne:** Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016  
**Vedlegg:** Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016.doc

Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune. Revidert 16.mars 2016.  
Frist for synspunkt er sett til 15. mai.

*Sveinung Toft*  
Assisterande rådmann

-----  
Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 56166218, Mobil: 409 24 790, Sentralbord: 5616 6200  
E-post...: [sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

# Planstrategi for Masfjorden kommune

Framlegg dagsett 16.03.16, i samsvar med formannskapsvedtak 16. februar 2016.  
Høyring fram til 15. mai 2016.



# Innhald

1. Bakgrunn.....	side 3
2. Føremålet med planstrategi - prioritering av kommunen sitt planbehov....	side 4
3. Det kommunale plansystemet .....	side 4
4. Status/ utfordringar med gjeldande planar og kommuneplanen .....	side 6
5. Nasjonale føringar .....	side 7
6. Vurdering av planbehov .....	side 8
7. Prioriterte planoppgåver perioden 2016 – 2020 .....	side 9
8. Oppsummering .....	side11

# 1. Bakgrunn

Masfjorden kommune har kommuneplan som gjeld frå 2012-2024. Planen vart vedteken i Masfjorden kommunestyre 31.mai 2012. Denne nye planstrategien vurderer kommunen sitt planbehov og kva prioriteringar kommunen skal ha for planarbeidet i perioden 2016-2020.

Fokusområda frå kommuneplanen er desse:

**Bru over Masfjorden**  
**Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging**  
**Samfunnstryggleik og beredskap**  
**Energi og klima**  
**Folkehelse**  
**Kvalitet og kompetanse**  
**Kommunale tenester**

Masfjorden kommune har hatt folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste folketalsstatistikk runda vi 1700 innbyggjarar. Dette viser at det nyttar å ha fokus på lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging, og inspirerer til vidare satsing i tråd med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål vert gjennomført først.

## 2.Føremålet med planstrategi – prioritering av kommunen sitt planbehov 2016-2020

Plan- og bygningslova (PBL) frå 2009 inkluderer § 10-1, *Kommunal planstrategi*, som ny paragraf. PBL § 10-1 set krav til kommunen sitt forhold til egne planar og krev at det nyvalde kommunestyre skal vedta ein planstrategi før det har gått eit år av valperioden. Planstrategi er ei vurdering av kva planbehov kommunen har og kva prioriteringar kommunestyret gjer i valperioden.

Planstrategien er ikkje formelt bindande og kommunestyret kan gjera endringar og prioritera om dersom det er gode grunnar for det. Planarbeid som ikkje er omtala i planstrategien kan bli sett i gang utan ny handsaming av planstrategien, men dersom kommunestyret ønskjer å leggja bort større planoppgåver som var prioritert, bør dette grunnjevast og skje ved at kommunestyret endrar planstrategien.

Planstrategien kan gje signal om kva private planinitiativ som kan venta å få positiv handsaming, men planstrategien har ikkje direkte rettsverknad i høve til innbyggjarar. Det kan ikkje klagast på eller fremjast motsegn til kommunen sin planstrategi.

Planstrategien skal vera ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til langsiktig samfunnsutvikling, til dømes langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og utviklinga av dei kommunale tenestene. I denne prosessen er det viktig å henta inn synspunkt og ha brei medverknad.


I arbeidet med planstrategien har Masfjorden kommune henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret, med offentlig kunngjering av framlegg til vedtak minst 30 dagar før handsaming. Kommunestyret skal i planstrategien ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om kommuneplanen skal vidareførast utan endringar.

Planstrategien er ikkje ein plan, og dermed heller ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. Planstrategien vurderer kva planar kommunestyret vil prioritera i valperioden. Ein effektiv planstrategi vurderer særleg kva planar som har økonomisk og politisk støtte, og korleis kommunen i størst grad oppnår tenleg samfunnsutvikling i perioden.

## 3 Det kommunale plansystemet

Masfjorden kommune sin kommuneplan av 31.05.2012 er utgangspunkt for planstrategien. *Kommuneplan for Masfjorden kommune 2012-2024* ligg til grunn for samfunnsutvikling, planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. *Føresegnene* er saman med *plankartet* juridisk bindande for arealbruk. Kommuneplanen sin *samfunnsdel* formulerer mål og prioriteringar for lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og utvikling av kommunale tenester. Fokusområda i kommuneplanen viser og korleis kommune vil arbeida for å nå dei nasjonale måla innanfor områda energi og klima, samfunnstryggleik og beredskap og folkehelse.

Samfunnsdelen i kommuneplanen gir grunnlag for prioriteringar av ressursar, planleggingsoppgåver og samarbeidsoppgåver. Samfunnsdelen konkretiserer mål og tiltak innfor fokusområda.



Våren 2016 skal det i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet utarbeidast handlingsplan for å nå måla i kommuneplanen. Innhaldet i samfunnsdelen er såleis sær retningsgivande for planstrategien. Det er likevel viktig å merka seg at verken samfunnsdelen eller planstrategien har rettsverknad, med tanke på krav til prioriteringar av tiltak.

## **4.Status/ utfordringar med gjeldande planar og kommuneplanen**

### **Kommuneplanen sin arealdel:**

Arealdelen har vore teneleg på mange område. Det har likevel vist seg utfordringar knytt til plankrav til ulike typer byggjeområde, særleg i naustområde og i bustadområde. Utfordringa har vore plankrav som har virka for strenge i høve til å byggja naust i etablerte naustmiljø knytt til gardsbruka. Det har gjort at den einskilde grunneigar ikkje har kunna bygd naust, fordi det kostnaden med å laga plan ikkje kan forsvarast når den einskilde grunneigar berre skal byggja eit nytt naust, og naboane gjerne ikkje har planar om dette dei første åra.

Plankrav knytt til mindre bustadområde har og medført stopp i utviklinga av nye bustadtomter i einskildområde, fordi det er få tomter som skal byggjast ut i området per år. Det igjen medfører at plankostnaden og utryggleiken knytt til resultatet av planen medfører at einskilpersonar ikkje vågar å starta opp reguleringsarbeid. Konklusjonen er at kommunen i ein revisjon av arealdelen bør gå gjennom alle områda med plankrav med mål å få inn arealkategorien område for spreidd utbygging utan plankrav. Rasfare i enkelte LNF-område for spreidd bustadbygging, har og medført at fleire område ikkje kunne nyttast til utbygging.

Behov for mindre og konsentrerte bustadsfelt knytt til eksisterande bygdesentra både på Sandnes og på Hosteland bør drøftast i ein revisjon. Særleg bør det leggast vekt på å finna mindre område som kan byggjast ut utan tunge rekkjefølgjekrav knytt til infrastruktur, gangveg og med kort avstand til skular og barnehagar. Det vil og vera i tråd med nasjonale planretningslinjer om berekraftig areal- og samfunnsutvikling, sjå nedunder.

Stordalen har stort potensiale for reiselivsutvikling og å styrka området ved skitrekket, mellom ved å kunna gjera ski/ aktivitetsområdet her større, kan vera eit fornuftig grep for å auka attraksjonen til området.

Til slutt ser ein at det har vore ein del drøftingar knytt til lokalisering av akvakulturanlegg i kommunen, og ein rår til at ein opnar for ei tung drøfting av dette i samband med planarbeidet. Nye føringar knytt til denne næringa har og medført behov for andre typer anlegg av anna storleik enn tidlegare.

### **Samfunnsdelen:**

I perioden 2012 -2016 har kommunen hausta erfaringar med gjeldande kommuneplan, både samfunnsdelen og arealdelen. Arbeidet med hovudmålet i samfunnsdelen, Masfjordsambandet - bru over Masfjorden – er kome godt i gang. Som del av arbeidet med Masfjordsambandet har både områdeplan for Sandnes og områdeplan for fylkesveg 570 frå Einestrاند – Nordre Kvinge vore sentrale, Både reguleringsplan for sentrumsområdet på Hosteland og områdeplanen for Haugsværdalen vart godkjent i 2015. I begge desse planane har ein sikra areal både til private og kommunale tenester, næringsutvikling og til bustader, i to nærsentra som har vore prioritert i samfunnsplanen. Statusen no er at det difor ligg føre relativt nye reguleringsplanar for alle dei fire sentra i kommunen (Haugsvær, Sandnes, Hosteland og Matre).

Lovverket sitt krav til at kommunestyret skal drøfte kva planbehov kommunen har for valperioden 2016 – 2020 bør ta utgangspunkt i kommuneplanen. Samfunnsdelen har definert hovudmåla for kommunen og kvart kapittel har eigne delmål som skal føre til at hovudmåla vert realisert. I arbeidet med planstrategien har ein identifisert to utviklingstrekk/ utfordringar som kommunen må definere utover det som er lagt til grunn i samfunnsdelen. Dette er:

## **1.Kommunereformen.**

Behovet for nytt planarbeid er avhengig av kva Masfjorden kommune landar på i denne debatten. Skulle Masfjorden velja å inngå i ein større kommune kan det hende at ein må prioritere strategiske grep, som sikrar ein god planstatus og gjennomføringskraft før ein inngår i ein større kommune.

## **2.Flyktingar.**

Behovet for eigen plan for integrering av flyktingar bør drøftast grundig. I utgangspunktet kan dette drøftast i ein eigen sektorplan for integrering av flyktingar, eller ein kan velje å la temaet inngå ei andre temaplanar som eit eige tema. Behovet for eigen plan er avhengig av tal flyktingar som kjem til Masfjorden.

## **Detaljplan for kaiområdet på Matre:**

Behovet for å laga ein eigen offentleg reguleringsplan med føremål å kunna byggja fleire bustader ved kaiområdet på Matre, meiner ein vil vera i samsvar med både nasjonale forventningar og i høve kommuneplanen sin samfunnsdel. Behovet for nye bustader her er sannsynlegvis aukande, både på grunn av Havforskninga og næringslivet i dette området, og forbi det er gode kommunikasjoner langs E39 mot Bergen og Førde. Det historiske området ved kaien treng eit løft og ein reguleringsplan som tek omsyn til dette kulturmiljøet på ein god måte kan utvikla eit attraktivt bu- og tettstadsmiljø vendt mot sjøen. Områdeplanen for Matre stiller krav om detaljplan.

## **5. Nasjonale føringar**

Masfjorden kommune har lagt *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*, vedteken som kongeleg resolusjon den 12.juni 2015, til grunn for arbeidet med ny planstrategi. Dei nye nasjonale forventningane for perioden 2016- 2020 er: ***Gode og effektive planprosessar, Berekraftig areal og samfunnsutvikling, Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde***

## 6. Vurdering av planbehov

Vurderinga av planbehovet 2016-2020 byggjer først og fremst på kommuneplanen sin samfunnsdel.

Fokusområda frå kommuneplanen er desse:

**Bru over Masfjorden**  
**Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging**  
**Samfunnstryggleik og beredskap**  
**Energi og klima**  
**Folkehelse**  
**Kvalitet og kompetanse**  
**Kommunale tenester**

På desse områda har kommuneplanen sett både hovudmål og delmål. Alle målsetjingane vil vera del av utviklingsoppgåvene for det politiske og administrative arbeidet i Masfjorden kommune.

Arbeidet med planstrategien er organisert med formannskapet som styringsgruppe.

**Prioriterte saker/planar for arbeidet i valperioden vart etter ein politisk prosess i 2012 oppsummert slik:**

- *Bru over Masfjorden*
- *Stadanalyse Andvik*
- *Områdeplan Hosteland*
- *Ferdigstille Matre og Sandnes*
- *Folkehelseplan*
- *Reguleringsplan Hosteland aust og vest*
- *Trafikksikringsplan*
- *Interkommunal plan for stolar, næringsareal, osv*
- *Jobbe politisk mot fylkeskommunen og regionrådet*

## 7. Prioriterte planoppgåver perioden 2016 - 2020

Det ikkje ein intensjon i arbeidet med planstrategien å lista opp alle planar som er gjeldande, skal rullerast eller treng utarbeidast. Utveljing av planar er gjort med grunnlag i kva planar som bør prioriterast for at målsetjingane i kommuneplanen kan realiserast i valperioden.

Masfjorden kommune har no få planar som er under arbeid. Nedunder er desse og nyleg vedtekne planar vist.

Planar under arbeid i Masfjorden kommune og nyleg vedtekne planar			
		Merknad	Start
1	Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	Godkjent 24. februar 2013	Våren 2015
2	Reguleringsendring for omsorgsbustader på Hosteland	Under oppstart	Januar 2016
3	Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde (Gjeld heile Stølsheimen)	Har vore på høyring. Framlegg vil koma i 2016	2010
4	Områdeplan for bru over Masfjorden	Planprogrammet godkjent våren 2015	Start hausten 2014
5	Områdeplan for Sandnes	Godkjent 2013	
6	Områdeplan for sentrumsområdet på Hosteland	Godkjent 2015	
7	Områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand – Nordre Kvinge	Godkjent 2015	
8	Områdeplan for Haugsværdalen	Godkjent 2015	
9	Kommunedelplan for oppvekst 2014 - 2026	Godkjent 2015	
10	Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026	Godkjent 2014	
11	Kommunedelplan for trafikksikring	Godkjent 2014	
12	Kompetanseplan	Godkjent 2015	
	Overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune	Godkjent 2015	
	Beredskapsplan for Masfjorden	Godkjent 2015	
	Folkehelseoversikt	Godkjent 2016	

## Framlegg til prioriterte planar 2016 - 2020

Framlegg til prioritert planarbeid i Masfjorden kommune 2016 - 2020			
	Masfjordsambandet	Merknad	Start
1	Reguleringsplanar for utbetring av 570 frå Nordre Kvinge til Masfjordnes fergekai. Behov for punktvisse utbetringar	Effektivisera dette arbeidet ved berre å laga planar avgrensa om naudsynt for å få utbetringsmidlar i perioden.	
	Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging	Merknad	Start
	Kommuneplanen sin arealdel	Fokus på prioriterte utfordringar	Våren 2016
1	Planarbeid Hosteland Reguleringsplan for kryss Ynnesdalsvegen ved Hosteland, inkl. bustadfelt/naustområde	Kommunen har fått krav frå Statens Vegvesen om å starta opp reguleringsplan her.	Våren 2016
2	Reguleringsplan for mindre del av Matre (KS1, dei tre kombinerte områda ved kaien og OFS)	Detaljregulere sjø, kaiområdet samt det konsentrerte bustadområdet KS1	Hausten 2016
3	Hovudplan for vassforsyning	Kan verta aktuelt om behovet for å levera meir vatn til Gulen kommune aukar.	Våren 2017

	Samfunnstryggleik og beredskap	Merknad	Start
1	Kriseplan	Planen skal oppdaterast fortløpande i regi av rådmannen	
	Energi og klima	Merknad	Start
1	Kommunedelplan for energi og klima	Gjeldande plan gjekk ut i 2015	Våren 2017
	Kvalitet og kompetanse	Merknad	Start
1	Temaplanar etter behov		
	Kommunale tenester	Merknad	Start
1	Temaplan for psykisk helse og rus		Våren 2016

2	Temaplan for rehabilitering og habilitering		Våren 2016
	Temaplanar etter behov		
	<b>Andre planar</b>	<b>Merknad</b>	<b>Start</b>
1	Kulturminneplan		Våren 2017
2	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Noverande plan gjekk ut i 2014	Våren 2016
	Budstadpolitisk plan	Behovet for gjennomgangsbustader, flyktningar, sosiale grupper	Våren 2016

## 8. Oppsummering

Planstrategi for Masfjorden kommune 2016 – 2020 :

Arbeidet med Masfjordbrua er den viktigaste planoppgåva.

- Kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden kommune 2012-2024 skal reviderast snarast med fokus på følgjande endringar.
  - **Gjennomgang av akvakulturområda**
  - **Gjennomgang av område med plankrav**
  - **Fleire LNF – område for spreidd utbygging.**
  - **Nye mindre konsentrerte bustadområde nær bygdesentre**
  - **Meir areal til utvikling rundt skitrekket i Stordalen**
- Rådmannen fullfører planar som er gangsett.
- Rådmannen utarbeider framdriftsplan for dei prioriterte planane i tabellen ovanfor.
- Det skal leggjast fram årleg status for planarbeidet, med rullering av framdriftsplanar og vurdering av utviklingstrekk som påverkar planbehovet.
- Mindre fagplanar og revisjonar av eksisterande fag- og temaplanar kan startast opp ved behov. Dei skal då fremjast som eigne saker til formannskapet.



Leiargruppa

<postNr> <poststed>

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/144 - 16/1764

Saksbehandlar:  
Helga Ellingsen  
Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
21.03.2016

## Melding om politisk vedtak- oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026

Formannskapet - 016/2016:

**Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

**Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Helga Ellingsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Andre mottakere:

Leiargruppa

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G70	16/144

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

### Melding om oppstart av Temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Temadelplan for psykisk helsearbeid har vore gjeldane frå 2007 - 2015. Denne er ikkje lenger oppdatert i høve lov og forskrifter, og må reviderast.

Kommunen sitt ansvar for å yte tenester til personar med psykisk helseproblem og/ eller rusproblem er heimla i Lov om kommunale helse og omsorgstenester.

Teamdelplan for psykisk helse og rus er forankra i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial, som vart godkjent i kommunestyret i 2014. I handlingsplan 2014 - 2018 har ein prioritert mål og tiltak. Gjennom planarbeidet har ein vurdert korleis kommunen skal planlegga, organisera, gjennomføre, overvaka, evaluera og korrigera verksemda si. Dette slik at tenestene er i samsvar med krav i lov og forskrift. Eit mål i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er at temadelplan for psykisk helse og rus skal reviderast i denne planperioden.

##### Vurdering:

Temadelplan for psykisk helse og rus er ein fagplan som er underordna kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Dette er ein fagplan som også heng saman med temadelplan for rehabilitering og habilitering. Utifrå dette ser administrasjonen det som viktig at desse blir utarbeida på same tid.

Folkehelseoversikt skal vera grunnlagsdokument for alt planarbeid i kommunen, også temadelplan for psykisk helse og rus. I 2015 har Masfjorden kommune utarbeida eit samla oversiktsdokument « Folkehelseoversikt 2015». Planarbeidet i kommunen skal utarbeidast slik at den «raude tråden» frå overordna planar, ned til fagplanar er sikra.

Samla oversiktsdokument for folkehelse skal utarbeidast for kvar ny planperiode. Temadelplanen skal sikre at kommunen arbeidar langsiktig, strategisk og målretta med psykisk helse og rus. Målet er at

kommunen gjennom planarbeidet skal kartlegge, og sikre at kommunen sine tenester er i trå med lov og forskrift.

Mål med kommunane sitt arbeid innan for psykisk helse og rus er:

Lokalt rus – og psykisk helsearbeid skal bidra til at fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddel og psykisk helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levekår for personar som har eit rusmiddel – eller psykisk helseproblem, førebygge og redusere problemutviklinga og fremme meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- eller psykiske helseproblem skal sikrast naudsynt støtte og avlastning.

Det har og skjer ei stor fagutvikling på alle områder også innan psykisk helse og rus. Det er krav om auka brukarmedverknad, noko som gjer at alle kommunar må ha ei systematisk tilnærming til korleis pasient og brukar blir involvert i utviklinga av helse og omsorgstenestene. Samhandlingsreforma og lovverk som følgjer med reforma, stiller auka krav til samhandling og god arbeidsfordeling, mellom kommunen og spesialisthelsetenestene.

Tenestene vil over tid utsettast for nye utfordringar og nye forventningar, men og nye muligheiter til å organisere og utvikle tenestene. Skal kommune klare å gi gode og forsvarlege tenester er det viktig å utvikle og arbeide systematisk med kvalitetsforbetring. Dette er viktige moment som skal takast omsyn til i temadelplan for psykisk hele og rus.

I temadelplan for psykisk hele og rus skal ein sikre at kommunen tilbyr og yter tenestene utifrå:

1. eit pasient- og brukarperspektiv
2. eit samordna, tverrfagleg og planmessig perspektiv
3. ein meningsfylt samanheng for pasienten og brukar

### **Avgrensing og føremål med arbeidet:**

- Avklara framtidige behov og utfordringar med grunnlag i den demografiske utviklinga i Masfjorden kommune.
- Sikre at kommunen sine tenester for psykisk helse og rus er i trå med lov og forskrift.
- Vurdere og avklare organisering i kommune for psykisk helse og rus arbeid
- Vurdere korleis tenestene kan organiserast effektivt
- Synleggjere kommunen sine moglegheiter og utfordringar på lang sikt
- Fastleggja mål og prioriteringar for utvikling av tenestetilbod innan psykisk helse og rus.

Fagområder som planen omfattar:

- Heimetenestene
- Institusjon
- Bu- og avlastningstilbod
- Psykisk helse og rus
- Ergo- og fysioterapi
- NAV sosial
- Fastlegar

- Helsestasjon med skulehelse
- Oppvekst – skule og barnehage

### **Organisering av planarbeidet:**

I organiseringa av arbeidet har ein lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og medverknad for brukargrupper. Arbeidet vert organisert med styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe som skal ha hovudansvaret for gjennomføringa av planarbeidet. I tillegg skal det vera ei ressursgruppe med representantar frå oppvekst, pleie-og omsorg, brukargrupper, tillitsvalde med fleire. Temadelplan er ein fagplan som ikkje skal ut på høyring.

### **Styringsgruppe:**

Rådmann si leiargruppe

### **Prosjektgruppe:**

Anne Jorunn Lunde - kommunepsykolog, prosjektleiar

Wenche Midtun - leiar NAV

Rolf Tande - kommuneoverlege

Marta Midtbø - helsesøster

Alf Strand - leiar for oppvekst

Kristin Midtgård - barnevernstenesta

### **Ressursgruppe**

Helga Irene Ellingsen - leiar helse, omsorg og sosial

Elin Eikemo - forvaltning og leiar for heimetenestene

Lene Danielsen - fysioterapeut -

Christina Sleire - fagleiar Nystova

1 representant frå barnehage

1 representant frå skule

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne – leiar og nestleiar

Eldrerådet – leiar og nestleiar

Hovudtillitsvalde

Aktuelle brukargruppe

### **Konklusjon**

**Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.**

### **Formannskapet - 016/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommunen utarbeidar temadelplan for psykisk helse og rus 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i trå med overordna planverk i kommunen.**



Leiargruppa

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/143 - 16/1766

Saksbehandlar:  
Helga Ellingsen  
Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
21.03.2016

## Melding om politisk vedtak - oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Helga Ellingsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Andre mottakere:

Leiargruppa

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G00	16/143

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016

## Melding om oppstart av Temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune har ikkje pr. i dag eigen temadelplan for rehabilitering og habilitering.

I 2012 kom «Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator». Forskrifta gjeld for rehabilitering og habiliteringstenester som blir gitt etter helse- og omsorgstenestelova.

«§ 1. Formålet med forskriften

*Formålet med forskriften er å sikre at personer som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering, tilbys og ytes tjenester som kan bidra til stimulering av egen læring, motivasjon, økt funksjons- og mestringsevne, likeverdighet og deltakelse. Formålet er også å styrke samhandlingen mellom tjenesteyter og pasient og bruker og eventuelt pårørende, og mellom tjenesteytere og etater innen et forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåene.»*

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er forankra i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial, som vart godkjent i kommunestyret i 2014. I handlingsplan 2014 - 2018 har ein prioritert mål og tiltak. Gjennom planarbeidet har ein vurdert korleis kommunen skal planlegga, organisera, gjennomføre, overvaka, evaluera og korrigera verksemda si, slik at tenestene er i samsvar med krav i lov og forskrift. Eit mål i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er at kommunen i 2016 skal utarbeide temadelplan for rehabilitering og habilitering.

#### Vurdering

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er ein fagplan som er underordna kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Dette er ein fagplan som også heng saman med temadelplan for psykisk

helse og rus. Utifrå dette ser administrasjonen det som viktig at desse blir utarbeida på same tid.

Folkehelseoversikt skal vere grunnlagsdokument for alt planarbeid i kommunen, også temadelplan for rehabilitering og habilitering. I 2015 har Masfjorden kommune utarbeida eit samla oversiktsdokument « Folkehelseoversikt 2015». Planarbeidet i kommunen skal utarbeidast slik at den «raude tråden» frå overordna planar, ned til fagplanar er sikra.

Samla oversiktsdokument for folkehelse skal utarbeidast for kvar ny planperiode. Temadelplanen skal sikre at kommunen arbeidar langsiktig, strategisk og målretta med rehabilitering og habilitering. Målet er at kommunen gjennom planarbeidet skal kartlegge, og sikre at kommunen sine tenester er i trå med lov og forskrift.

Når det gjeld rehabilitering og habilitering har kommunen ansvar for:

- å planlegge sin rehabilitering og habiliteringsteneste.
- å ha ein generell oversikt over behovet for rehabilitering og habilitering.
- å sikre at tilbodet er integrert og tverrfagleg samla.
- å sikre at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynt oppfølging ved behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering.

I temadelplan for rehabilitering og habilitering skal ein sikre at kommunen tilbyr og yter tenestene utifrå:

1. eit pasient- og brukarperspektiv
2. i eller i nærmast mogleg pasient og brukar sine vante miljø
3. eit samordna, tverrfagleg og planmessig perspektiv
4. ein meningsfylt samanheng for pasienten og brukar

#### **Avgrensing og føremål med arbeidet:**

- Avklara framtidige behov og utfordringar med grunnlag i den demografiske utviklinga i Masfjorden kommune.
- Sikre at kommunen sine rehabilitering – og habiliteringsteneste er i trå med lov og forskrift.
- Vurdere og avklare organisering av rehabilitering- og habiliteringstenestene i kommune
- Vurdere korleis tenestene kan organiserast effektivt
- Synleggjere kommunen sine moglegheiter og utfordringar på lang sikt
- Fastleggja mål og prioriteringar for utvikling av tenestetilbod innan rehabilitering og habilitering.

Fagområder som blir omfatta av denne planen er:

- Heimetenestene
- Institusjon
- Bu- og avlastningstilbod
- Psykisk helse og rus
- Ergo- og fysioterapi
- NAV sosial

- Fastlegar
- Koordinerande eining
- Helsestasjon med skulehelse
- Hjelpemiddel tenesta
- TML

### **Organisering av planarbeidet:**

I organiseringa av arbeidet har ein lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og medverknad for brukargrupper. Arbeidet vert organisert med styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe som skal ha hovudansvaret for gjennomføringa av planarbeidet. I tillegg skal det vera ei ressursgruppe med kommunelege, kommunepsykolog, leiar NAV, brukargrupper, tillitsvalde med fleire. Temadelplan er ein fagplan som ikkje skal ut på høyring.

### **Styringsgruppe:**

Rådmannen si leiargruppe

### **Prosjektgruppe:**

Helga I Ellingsen	- leiar helse, omsorg og sosial. Prosjektleiar
Elin Eikemo	- ass. prosjektleiar
Åshild Krige	- ergoterapeut
Marit A Nesse	- fagleiar omsorgsavdelinga
Lene Danielsen	- fysioterapeut
Hildegunn Bjånes	- samhandlingsjukepleiar

### **Ressursgruppe:**

Rolf Tande	- kommuneoverlege
Anne Jorunn Lunde	- kommunepsykolog
Marta Midtbø	- helsesøster
Wenche Midtun	- leiar NAV

Inger Marie Duesund - barnehagestyrar

Roald Kvingedal - TML

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, leiar og nestleiar

Eldrerådet, leiar og nestleiar

Hovudtillitsvalde

Aktuelle brukargrupper

## **Konklusjon**

**Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen**

## **Uttale**

## **Høyring**

## **Fakta**

## **Konklusjon**

## **Formannskapet - 015/2016**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommunen utarbeidar Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2016 – 2026. Planen skal utarbeidast etter lov og forskrift, og vere i samsvar med overordna planverk i kommunen.**